

Doktor Haugen slik du minnest han 6

18.12.2014



**UHELL PÅ MOTORSYKKEL.**

**Kristian Hus voks opp i Rosendal. Han har sendt oss fleire gode historier med minne om dr. Haugen som han hugsar godt frå oppveksten. Den første kjem her:**

Doktor Haugen kørde av og til motorsykkel når han var ute på oppdrag. Ein gong kørde han endåtil med eine armen i fatle. Under ein slik tur var han uheldig og kørde på ein katt i Neslia og begge hamna i grøfta. Det blir fortalt at Haugen kom frå uhellet utan fleire mein, men med følgjande replikk til katten:

– Du kom ifra det med livet du også, pus! Så starta han opp motorsykkelen igjen og strauk avgarde.

Tekst: Kristian Hus

Nett: Thor Inge Døssland

Foto: Frå Kvinnhersminne 2003